



Notat

Dato
LEIKANGER, 05.12.2016

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet, møte 5. desember 2016

Budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 - tilleggsnotat

Partia Høgre, Frp, Krf og Venstre vart den 3. desember 2016 einige om ein budsjettavtale for Statsbudsjettet 2017. I dette notatet vil fylkesrådmannen gjere kort greie for korleis dei økonomiske konsekvensane av denne avtalen bør handsamast i høve fylkesutvalet sitt framlegg til budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.

Fylkesrådmannen ser at følgjande postar/beløp i budsjettavalen vil få følgjer for vårt budsjett;

- Landslinje for skiskyting, Stryn vgs	1 mill. kr
- Fagskuleutdanning	10 mill. kr
- Auka lærlingtilskot med 2.500 kr. pr. kontrakt	50 mill. kr
- Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta	60 mill. kr
- Inkluderande og vekstkriftige lokalsamfunn	200 mill. kr
- Fylkesvegferjer, kompensasjon for auka utgifter	6 mill. kr
- Lokale båtruter, kompensasjon for auka utgifter	4 mill. kr
- Tapskompensasjon fylkeskommunane	40 mill. kr
- Skredsikring fylkesvegar	56 mill. kr
- Reduksjon i rammetilskot	-100 mill. kr

Den fylkesvise fordelinga av desse beløpa er enno ikkje kjend. Fylkesrådmannen meiner vi difor må vente med å innarbeide endringar på desse postane i budsjett/økonomiplan no, men heller kome attende til dette så raskt som mogleg i 2017- når fordelinga er klår.

Fylkesrådmannen vurderer vidare at det er ein del tilskotsordningar/søkbare postar som har fått auka løvingar i budsjettavtalen. Her kan det vere aktuelt både for fylkeskommunen, kommunar, bedrifter og organisasjonar å søke. Fylkesrådmannen vil her spesielt nemne;

- Tilskot til breibandutbygging	45 mill. kr
- Styrking av vidareutdanning for lærarar og skuleleiing	100 mill. kr
- Innovasjon Norge – miljøteknologiordninga	100 mill. kr
- Eiga såkornfond for IKT-næringer/tapsfond	56 mill. kr

Utover desse opplistingane kan det også vere andre postar av interesse for oss. Dette må vi få sjå nærmare på.

Fylkesrådmannen vil ut frå dette foreslå at fylkesutvalet kjem med følgjande tilleggstilråding til fylkestinget, FT-sak 51/16:

«Fylkestinget ber fylkesrådmannen tidleg i 2017 om å kome med ei tilråding til justert budsjett 2017 og tilhøyrande økonomiplan (2017-20) basert på relevante postar i føreliggjande budsjettavtale mellom regjeringa og samarbeidspartia i Stortinget.»

Vedlegg:

Budsjettavtalen (Stortinget)